

SANDØY KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKLALLING

Kopi til: Ordførar
Revisor
Rådmann

Medlemmene av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I SANDØY KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

måndag 18.06.2018 kl. 15.45
på Sandøy rådhus

SAKLISTE:

Sak - 11/18 - Godkjenning av møtebok frå 14.05.2018
Sak - 12/18 - Orientering om Sandøytun ved rådmann/prosjektleiar.
Sak - 13/18 - Forslag til valg av tema for Forvaltningsrevisjon.
Sak – 14/18 - Melding; note 14 i rekneskap 2017 Sandøy kommune.

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 926 11735 til dagleg leiar eller e-post <mailto:bjorn.tommerdal@skiks.no>

Svein Ove Søholt
leiar
(sign.)

Sak - 11/18 - Godkjenning av møtebok frå 14.05.2018

KONTROLLUTVALET I SANDØY KOMMUNE

MØTEBOK

Møtedato: 14. mai 2018, kl. 15.45

Møtestad: Rådhuset

Møtet vart leia av Svein Ove Søholt

Elles til stades:

Nils Erling Finnøy, Jan Kåre Brunvoll og Ann Elin Harnes

= **4 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.

Frå kommunerevisjonen møtte Svein Ove Otterlei og Anne Nygård.

Frå administrasjonen møtte rådmann Anny Sønderland.

Ordførar Oddvar Myklebust var til stades på møtet.

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

SAK 05/18 GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 5. MARS 2018

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 5. mars 2018 blir godkjent

SAK 06/18 ÅRSMELDING 2017 – SANDØY KOMMUNE

Saksdokument datert 07.05.2018 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek årsmelding 2017 for Sandøy kommune til orientering.

SAK 07/18
KOMMUNEREKNESKAPEN 2017 – SANDØY KOMMUNE

Saksdokument datert 07.05.2018 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Uttale til kommunestyret:

Sandøy kommune sin rekneskap for 2017 blir godkjent.

SAK08/18
PROSJEKTREKNESKAP FELLESNEMNDA NYE ÅLESUND

Saksdokument datert 07.05.2018 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Fellesnemnda for Nye Ålesund sitt prosjektrekneskap 2017 blir teken til vitande.

SAK 09/18
**EIGARKAPSKONTROLL FOR ÅRIM (ÅLESUNDREGIONENS
INTERKOMMUNALE MILJØSELSKAP IKS). KUNNSKAPSDELING MED
SANDØY KOMMUNE.**

Saksdokument datert 07.05.2018 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 10/18
**OPPFØLGING AV SAK 04/18 – STODA I PLEIE- OG OMSORGSTENESTENE –
ORIENTERING OM IVERKSETTE TILTAK AV RÅDMANN ANNY
SØNDERLAND.**

Saka vart lagd fram utan tilråding til vedtak.

Rådmann gav ei orientering rundt iverksetje tiltak. Dette gjaldt både nye rutinar og reglar innanfor varsling, tilsetjingar og eigen virksomhetsplan som skulle vere ferdigstilte før sommarferien.

Leiar Svein Ove Søholt fremma på vegne av kontrollutvalet fylgjande forslag:
Kontrollutvalet tar orienteringa til vitande.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tar orienteringa til vitande.

EVENTUELTT:

Ann Elin Harnes tok opp spørsmålet om mogeleg forvaltingsrevisjon av byggjeprosjektet Sandøytn når dette er ferdigstilt. Kontrollutvalet vil diskutere dette vidare og planleggje for ein slik revisjon.

Rådmann vart invitert til neste møte for å gje ei statusoppdatering rundt prosjektet Sandøytn.

Møtet vart avslutta kl. 17.45

Neste møte vart avtalt til måndag 18. juni, kl. 15.45

Svein Ove Søholt leiar (sign.)	Nils Erling Finnøy nestleiar (sign.)	Jan Kåre Brunvoll medlem (sign.)	Ann Elin Harnes medlem (sign.)
--------------------------------------	--	--	--------------------------------------

Sak - 12/18 - Orientering om Sandøytun ved rådmann/prosjektleiar.

For kontrollutvalet sine vurderingar og eventuelt vidare arbeid er det nødvendig å motta ei nærrare orientering frå rådmann.

Saka vert etter dette lagd fram utan tilråding til vedtak.

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

Sak - 13/18 - Forslag til valg av tema for Forvaltningsrevisjon.

Bakgrunn:

Forvaltningsrevisjon er eit verktøy som kommunestyret og kontrollutvalet skal nytte for å sikre at kommunen på best muleg måte tek omsyn til innbyggjarane sine behov og rettar. Forvaltningsrevisjon er ein av dei pålagde oppgåvene til kontrollutvalet. Gjennom forvaltningsrevisjon kan kontrollutvalet undersøkje om kommunen etterlever regelverk, når fastsette mål, og om ressursane blir forvalta på ein effektiv måte. Kontrollutvalet skal, innanfor dei rammene som er gjevne av kommunestyret, velje tema og utforme problemstillingar basert på ei risiko- og vesentlegvurdering.

Kontrollutvalet bestemmer korleis kommunen skal nytte ressursane som er løvvde til forvaltningsrevisjon, og revisjonen skal gjennomføre forvaltningsrevisjonsprosjekt i samsvar med faglege krav.

Sjølv om det er spesifikke krav til gjennomføring av ein forvaltningsrevisjon, er det viktig at kontrollutvalet involverer seg i val av problemstillingar, avgrensingar og tilnærming. Forvaltningsrevisjon gjev kontrollutvalet høve til å fordjupe seg i ulike sakstilhøve, innan eitkvart verksembsområde i kommunen. Forvaltningsrevisjon vil difor kunne vere nyttig både for utvalet si kontrollverksemd og for internkontrollen og forbettingsarbeidet i kommunen.

Forslag til tema:

Arbeidsmiljø er eit tema som er vel utbygd med forskrifter og rettleiarar. På heimesida til Arbeidstilsynet er det lista opp 80 ulike forskrifter som gjeld temaet. Mange av desse er ikkje særskilt aktuelle for kommunar, men talet understrekar at det er forventa at det heile tida er merksemd på temaet.

Men også her gjeld det at korkje forskrifter eller rettleiingar har nokon funksjon dersom dei ikkje vert brukte. Ein føresetnad for det er at dei er identifiserte og vurderte i høve dei utfordringane kommunen har. Eit anna moment er der på å bruke dei rett. Det er ikkje alltid lett å korne fram til dei gode løysingane. Ulike tiltak vert difor sett i verk for å hjelpe kommunane til å betre arbeidsmiljøet.

- sentrale leiarar gjev klåre signal om at reduksjon i fråværet er viktig for kommunen
- samarbeidsklimaet er gunstig mellom dei ulike aktørgruppene i kommunen
- dei tilsette trivest og har gode leiarar
- gjennom veleigna fysiske tiltak

Godt arbeidsmiljø vert også sett som ein konkurransefaktor i arbeidet med å trekke til seg kompetanse til organisasjonen.

Arbeidsmiljøutvalet (AMU) er ein viktig deltakar i arbeidet for å utvikle og vedlikehalde eit fullt forsvarlig arbeidsmiljø i kommunen. Utvalet skal delta i planlegginga av verne- og miljøarbeidet, og nøye følgje utviklinga i spørsmål om angår arbeidstakarane sikkert, helse og velferd.

Utvalet sine oppgåver er definerte i arbeidsmiljølova. Etter§ 24 i denne, skal utvalet vurdere:

- a) spørsmål som angår bedriftshelseteneste og den interne verneteneste
- b) spørsmål om opplæring, instruksjon og opplysningsverksemeld i organisasjonen som har innverknad på arbeidsmiljøet,
- c) planer som krev Arbeidstilsynets samtykke etter§ 19 i arbeidsmiljølova,
- d) andre planar som kan få vesentleg verknader for arbeidsmiljøet, til dømes planer om byggearbeid, innkjøp av maskinar, rasjonalisering, arbeidsprosessar og førebyggjande vernetiltak,
- e) etablering og vedlikehald av internkontrollsysteem, jf. AML§16a
- f) helse- og velferdmessige spørsmål knytt til arbeidstidsordningar

AMU og deira arbeid kan vere ein indikator som seier noko om arbeidet med arbeidsmiljø i kommunen.

Ved arbeid med meir enn 10 ansatte skal det blir valt verneombod og det er ansvaret til leiringa at val blir gjennomført. Talet verneombod blir fastsett i forhold til storleiken til virksomheten, arten til arbeidet og arbeidsforholda forøvrig. Kvart verneområde skal vere klart avgrensa og må ikkje vere større enn at verneombodet kan ha full oversikt og vareta oppgåvene sine på ein forsvarleg måte. Arbeid med meir enn eitt verneombod skal ha minst eitt hovudverneombod som har ansvar for å samordne arbeidet til verneombodet.

Arbeidsmiljøundersøkingar kan vere gode verktøy i arbeidet med å utvikle arbeidsmiljøet. Godt førebudde, gjennomførte og oppfølgde undersøkingar gjer det mogeleg for ein organisasjon å setje søkelys på vesentlige sider i og ved arbeidsmiljøet, skaffe seg ein oversikt over dei tilsettes opplevingar av ulike tilhøve, og gje grunnlag for å prioritere arbeid og tiltak innan tema.

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

vedtak :

Sandøy kontrollutval vel arbeidsmiljø som tema for Forvalningsrevisjon og ber Kommunerevisjon3 kome attende til neste møte i utvalet med forslag til konkret prosjektplan.

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

Sak – 14/18 - Melding; note 14 i rekneskap 2017 Sandøy kommune.

Se også pdf vedlegga; finansforvaltning 2017 og Rapport Sparebank 1 SMN

Hei Bjørn,

Jeg fikk tilbakemelding om at det var spørsmål angående note 14 i regnskap 2017 under kontrollutvalgsmøtet 14.mai.

Jeg sender kopi av sak «2018/46 Finansforvaltning 2017», der detaljer om porteføljen og endringer kommer bedre frem.

Saken ble behandlet i formannskapet 29.05 og kommunestyret 14.06 i henhold til foreslått vedtak.

Endringen på ca. 4 mill. kroner gjelder salg av aksjer tilsvarende 8 mill. disse er overført til plasseringskonto i hovedbanken til kommunen, samt avkastning på 4,3 mill.:

Langsiktig forvaltning	Plasseringstype	01.01.2016	Endring	31.12.2017	Avkastning
Forte fondsforvaltning	Obligasjonsfond	16 349 000		17 251 590	902 590
Sparebanken Møre	Obligasjoner	25 083 000		26 472 151	1 389 151
Pareto renter	Obligasjonsfond	42 138 000		43 087 995	949 995
Pareto aksjer	Aksjefond	11 102 000	-8 000 000	4 049 661	947 661
Sparebank 1 kapitalforvaltning	Pengemarked/bank	2 729 000	8 000 000	10 849 675	120 675
Sum langsiktig forv.		97 401 000		101 711 072	4 310 072

Regnskap 2018 vil være i henhold til notekrav i KRS nr 6, punkt 3.1.2 nr 7.

Det vil si mer detaljerte opplysninger om både uttak og verdiendring på langsiktige plasseringer.

Med vennlig hilsen

Therese Flaten

Økonomikonsulent, Virksomhet Økonomi

Tlf. 70 16 29 31 | Mob. 92 86 46 27 | 70 16 20 00 (sentralbord)

therese.flaten@alesund.kommune.no



Sekretariat Kontrollutvalget v/ Bjørn Tømmerdal

Dykker ref.:

Vår ref.: 18/183

Saksbehandlar, tlf.
Mariann Husøy, 71 27 75 08

Dato: 08.06.2018

JournalpostID:
18/3125

Melding om vedtak - Utskifting av medlem og valg av nytt Kontrollutvalg ut perioden og fram til 2019

Kommunestyret - 2018/29:

Det er gjort følgjande vedtak i saka.

Kommunestyret vedtek samråystes:

Liss Anniken Hagen erstatter Elisabeth Marøy i kontrollutvalet.

Medlem:

Svein Ove Søholt

Nils Erling Finnøy

Liss Anniken Hagen

Ann Elin Harnes

Jan Kåre Brunvoll

Varamedlem:

Oddgeir Viken

Janne Falch

Med helsing

Anny Sønderland
rådmann

Mariann Husøy
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Vedlegg:

Acos.Møte.Application.Document.ContentInformation.VedtaksbrevContentInformation

Elisabeth Marøy

Vara kontrollutvalet- Janne Falch

Vara kontrollutvalet Oddgeir Viken

Mottakarar:

Leiar kontrollutvalet Svein Ove

Søholt

Liss Anniken Hagen

Måsvikremvegen 76

6487 HARØY